
Sluttrapport

Søknadstype	Sluttrapport
Prosjekttittel	Me snakkast!
Mål for prosjektet	Mål for prosjektet: Ungdom i Sunnhordland skal bli aktive samfunnsdebattantar. For å oppnå dette vil vi: 1. Styrkje biblioteka i Sunnhordland som møtestader og arena for samtale og debatt, ved å skape gode partnerskap , tilretteleggja biblioteklokala og auke kompetansen i biblioteka. 2. Styrkje ungdom si deltaking, kompetanse og kunnskap kring temaet debatt, ved å samarbeide med ungdom, organisasjonar, fagpersonar og skular. Resultatmål: Vi vonar å oppnå: 1. Opprette samarbeid med fleire eksterne aktørar, som skal vidareførast etter at prosjektet er slutt. 2. Gjere biblioteklokala til gode møtestader og arena for samtale og debatt. 3. Arrangere minst to debattar i dei 8 kommunane som deltek. 4. Utvikle kompetanse på debatt-arrangering. 5. Få fleire ungdomar til å nytte biblioteklokala. 6. Lage ein regional modell for deling og utvikling av arrangørkompetanse.

Sluttrapport

Frå 2015 til 2016 arrangerte biblioteksamarbeidet i Sunnhordland i samarbeid med Framtida.no-redaktør Svein Olav B. Langåker 12 debattkurs for ungdom i alle dei åtte kommunane i Sunnhordland. Me samarbeidde med seks skular og to ungdomsråd i Sunnhordland. Totalt deltok kring 450 ungdommar på desse kursa.

I etterkant har desse ungdommane leia og vore med på å arrangera 14 debattar i biblioteka. Temaet for debattane og spørsmål har dei bestemt sjølv, og har vore knyta til relevante politiske saker for ungdom, som til dømes samferdsel, kollektivtilbod, fritidstilbod, skule m.m. Totalt var det kring 1000 i publikum på dei 14 debattane

Mellom anna arrangerte me to debattkurs i Austevoll, som hadde forsøk med stemmerett for 16- og 17-åringar. Det gjorde at store delar av ungdommane på 16 og 17 år i Austevoll fekk trena seg på debatt og snakka om lokalpolitikk. I etterkant blei det arrangert to debattar på biblioteket i Austevoll som samla fullt hus. Ifølgje dåverande ordførar Renate Klepsvik i Austevoll var det første gong på

fleire kommuneval at det er arrangert ein valdebatt i kommunen. Me er veldig glade for at valdeltakinga mellom 16- og 17-åringane i Austevoll gjekk opp frå førre val, og blei høgast i landet.

Samarbeid: Me har fått til gode samarbeid med lokalaviser som har dekkja kursa og debattane, nokre aviser har vore aktive på debattkursa og haldt innlegg der. Me har fått til samarbeid med vidaregåande skular, ungdomsråd og politikarar i alle kommunar. Politikarar og andre paneldeltakarar har vore positive til å delta og biblioteka har fått markert seg som gode arrangørar av debattar. I nokre kommunar har ungdomsråda sjølve teke initiativ til fleire debattar i etterkant av Me snakkast! debattane.

Opprusting av biblioteka som debattarrangørar: Alle biblioteka har vore på kurs med prosjektleiar Svein Olav Langåker i debatteknikk og debattleiing. me har også gått til innkjøp av lydanlegg som biblioteka trengte for å gjennomføre debattane.

Omtale: Både kursa og debattane har fått omtale i lokalavisene i kvar kommune, og debatten i Sveio fekk òg besøk av regionavisa Haugesunds Avis. Då Nasjonal bibliotekstrategi blei lagt fram i haust, var debattprosjektet eitt av tre prosjekt for ungdom som blei trekt fram som gode døme.

Debattmodellen vår har no blitt ein modell som fleire kommunar ønskjer å kopiera. Etter valet fekk alle biblioteka i Hordaland kurs i korleis dei kan laga debattar i biblioteka.

Prosjektleiar Svein Olav Langåker vil lage ei debattkokebok for korleis arrangere debattar og kurs i slik som det har vorte gjort i Me snakkast prosjektet.

Framhald: Me vil fortetja å buke opplegget rundt Me snakkast, vi vil enten halde kurs sjølve (bibliotektilsette) eller leige inn andre som kan halde kurs, og sidan ha debattar i biblioteket. Me vil framleis nytte facebookside til Me snakkast og nytte namnet på prosjektet til framtidige liknande debattar for/med ungdom i biblioteka.

Prosjektet har gitt biblioteka i Sunnhordland; erfaring, nye samarbeidspartnarar og kunnskap, eit serskilt nyttig prosjekt for å gjera biblioteka i stand til å bli ein arena for samtale og debatt.

Søker

Organisasjonsopplysninger

Organisasjonsnavn	Bømlo folkebibliotek
-------------------	----------------------

Organisasjonsnummer	
---------------------	--

Kontonummer	
-------------	--

Institusjonens leder	
----------------------	--

Fornavn	Astrid
Etternavn	Drevland
Telefon	
E-post	

Er institusjonens leder kontaktperson for
prosjektet?

Budsjett

Tildelt beløp fra Nasjonalbiblioteket for alle prosjektårene:	400000
--	--------

Vedlegg

Vedlegg

- [rekneskap.xlsx](#)
- [DEBATTKOKEBOK.docx](#)